

## Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikuletinglysing • utsending av matrikelbrev • klagerett og fristar

Oliver Hestnes har 10.09.2014 rekvirert grensepåvising av grensa mellom gnr 23 bnr 86 og gnr 23 bnr 522. I samband med arealoverføring frå 23/86 til 23/522 vart denne grensa påvist men ikkje alle punkta vart permanent merka (oppmålingsforretning 06.03.2013.)

Oppmålingsforretning vart halde 09.10.2014. Ved forretninga møtte Bjørg og Oliver Hestnes for 23/86/2 og Terje Seim for 23/522. Eigar av 23/86/1 og eigar av 23/1 var også varsla, men møtte ikkje.

To av grensepunkta mellom 23/86 og 23/522 var merka med godkjente grensemerker frå før, grensepunkt 2386-3 i sør og 2386-5 i nord-aust. I tillegg vart grensepunkt 2386-2, QP1 og QP2 påvist. Den oppførte muren mellom 23/86 og 23/522 står utanfor grensa til 23/86 frå grensepunkt 2386-2 til QP2 og vidare i retning QP1. Oliver og Bjørg Hestnes ønskte å justera grensa til å gå i midt mur. Terje Seim var opptatt av at ved ei eventuell justering må 23/522 få tilbake minst like mykje areal som dei må avgi. Partane vart oppfordra til å drøfta mogleg grensejustering, og koma med tilbakemelding.

Vegrett for 23/86 over 23/522: Tilkomsten til 23/86 går over 23/522 i eit hjørne i nord-aust. Vegretten bør sikrast med tinglyst erklæring. Dette var eigar av 23/522 viljug å gi. Skjema "Erklæring om rett i fast eigedom" må fyllast ut i to eksemplar saman med kartvedlegg og sendast til tinglysing.

23/86 vart seksjonert i to eigarseksjonar 20.12.2013. Av seksjoneringsvedtaket går det fram at alt uteareal på eigedomen er fellesareal. Garasjen på nordsida og carporten på austsida står i dag på fellesareal. Dersom dei enkelte seksjonane skal ha eksklusiv rett til særskilt uteareal og til garasje/carport rår kommunen til at det vert gjennomført re-seksjonering av 23/86. Rett til garasje/carport og uteareal bør også inn i vedtektene for sameiget.

Grensemerking vert utsett i påvente av tilbakemelding om partane ønskjer grensejustering langs oppsett mur og gjerde. Frist for tilbakemelding vert sett til 01.11.2014.

Terje Seim har 21.11.2014 sendt epost saman med kart som syner kva partane er samde om å justera. Han skriv samstundes at eigar av 23/522 ikkje ønskjer å ta kostnader ved justeringa.

Ny oppmålingsforretning vart halde 16.01.2015. Ved forretninga møtte Bjørg og Oliver Hestnes for 23/86/2, Knut Henrik Børhaug for 23/86/1 og Terje Seim for 23/522. Eigar av 23/1 var også varsla, men møtte ikkje.

Det er i etterkant av forretninga sett ned seks nye grensemerker, grensepunkt 522-4, 522-5, 522-6, 522-7, 522-8, 522-9. Grensepunkt 522-10 er umerka skjæringspunkt. Resultat av innmålinga syner at 23/86 avgir 11,9 m<sup>2</sup> til 23/522 og får overført 12,6 m<sup>2</sup> frå 23/522. Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Før kommunen kan matrikkelføra dei nye grensene, må partane godkjenne grensejusteringa med underskrift på protokollen og returnera eit eksemplar til kommunen.

I samsvar med matrikkellova §46 kan det klagast på utføringa av forretninga. Klagefristen er tre veker.

Grensejusteringa mellom 23/86 og 23/522 vert med dette godkjent.

**SEIM BYGG AS**

Nesbrekka 28, 5912 Seim

Eigar av 23/86/1

Eigar av 23/86/2

Eigar av 23/522

Sted

Frekhaug

Dato

10.02.2015

Underskrift

*Tabe*